 - 3.termin 25
 - 4.termin 25
 - 5. termin 25

4.4 MØRE OG ROMSDAL 110 SENTRAL KF

- Merverdiavgiftskompensasjon
 - 2.termin 25
 - 3.termin 25
 - 4.termin 25
 - 5. termin 25

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode - revisjon
2026****Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Elin Moen

E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 23/65

Journalpost: 26/3207

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
013/26	Formannskap	27.01.2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Ålesund formannskap vedtek å legge forslag til ny lokal forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode i Ålesund kommune ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Den nye forskrifta skal erstatte gjeldande lokal forskrift av 06.11.2023 fastsatt av Ålesund kommunestyre med heimel i kommunelova § 8-3, § 8-4, § 8-6 og § 8-10.

Forslaget til ny forskrift vert behandla i formannskapsmøte 17. mars og kommunestyremøte 26. mars 2026.

Saksgang:

Saka vert lagt fram for formannskapet som vedtek å legge eit revidert forslag til forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode ut på høyring. Etter endt høyring vert sak med revidert forskrift og reglement lagt fram for formannskap og kommunestyre til avgjerd.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok noverande forskrift hausten 2023 i samband med ny kommunestyreperiode, og iverksetting av ny kommune frå 01.01.2024 etter kommunedeling. Kommunen vedtok også eit eige reglement "Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår". Reglementet utdjupar forskrifta og vart vedtatt av Ålesund kommunestyre i møte 26.10.23, sak 8/23.

I perioden som har gått frå forskrift og reglement vart vedtatt har det oppstått behov for nokre avklaringar, og ordførar har derfor bedt om at ei revidert forskrift og reglementet vert lagt fram til politisk behandling.

Ny kommunelov kapittel 8 krev at følgjande reglar vert utforma som lokal forskrift:

- § 8-3 dekking av utgifter og økonomisk tap
- § 8-4 arbeidsgodtgjering
- § 8-6 ettergodtgjering
- § 8-10 permisjonar

Kommunedirektøren legg fram forslag til ei revidert lokal forskrift i Ålesund i tillegg til reglement for dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Med bakgrunn i at vi har ei lokal forskrift som det er lagt opp til å endre, må reglane om forskrifter i kap VII i forvaltningslova følgjast. Dette inneber mellom anna høyring og formkrav.

Forvaltningslova. kap.VII

Av forvaltningslova § 37 går det fram:

Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trengs for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.

Forhåndsvarsling kan unnlates forsåvidt den:

- a) ikke vil være praktisk gjennomførlig, eller*
- b) kan vanskeliggjøre gjennomføring av forskriften eller svekke dens effektivitet, eller*
- c) må anses åpenbart unødvendig.*

Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig. Når saken egner seg for det, kan forvaltningsorganet bestemme at forhandlinger om saken skal foregå i møte.

For å ivareta openheit og medverknad , skal det etter forvaltningslova § 37 annet ledd gjennomførast høyring av forslaget. Dette for at dei som er omfatta av forslaget skal kunne få kome med sine synspunkt. Høyringsfristen bør vere så lang at dei som vert omfatta får ein reell sjanse til å førebu ein eventuell uttale. Kommunen avgjer på kva måte forslaget til ny forskrift skal kunngjerast, og kan sette frist for å gi uttale.

Sidan det no gjeld ei endring av gjeldande forskrift, er det lagt til grunn at dei folkevalde kjenner innhaldet i gjeldande forskrift og reglement. Høyringsfristen kan dermed vere relativ kort. Kommunedirektøren meiner at ein ivaretek omsynet bak krav om høyring ved at forslaget til endra lokal forskrift vert kunngjort på kommunen si heimeside med høyringsfrist 28. februar. Dei som ønskjer det får ei rimeleg tid til å kome med uttale, og formannskapet kan behandle innkomne uttalar før saka går til kommunestyret. Når kommunestyret vedtar ny forskrift, må den gamle forskrifta formelt bli vedtatt oppheva.

Endringar og presiseringar i forslag til ny forskrift og reglement:

Den nye forskrifta er i hovudsak lik den gamle, men utvida med nokre fleire paragrafar for å ta med viktig innhald. Satsane er i tråd med budsjettvedak for 2026, og tar utgangspunkt i grunnbeløp (G) pr 01.05. 2024. Satsane er i hovudsak rekna i prosent av 8,5 G. Reglementet er forsøkt forenkla noko, og til dømes er innhald som allereie står i kommunen sitt reglement for folkevalde organ utelatt.

Når det gjeld dei kommunale føretaka er det vedtatt satsar for styremedlemmer i kommunestyresak 163/24 vedtatt i møte 12.12.2024. Satsane som her vart vedtatt er tatt inn i revidert forskrift og reglement, men med faste satsar. Regel om kompleksitet og at styret sjølv kan avgjere basert på tidlegare år er tatt ut slik at ein oppfyller kommunelova sitt krav om at det er kommunestyret sjølv som fastset godtgjersle for styra i kommunale føretak. Varamedlemmer sine satsar er fast kronebeløp slik vedtatt i kommunestyresaka. Det betyr at desse satsane ikkje blir justert i tråd med endring av grunnbeløpet 1. mai kvart år.

For valkomite for heileigde selskap er det også eit eige vedtak om godtgjersle i kommunestyresak 35/25 frå møte 15.05.25 Vedtatte satsar for leiar og medlemmer er i faste kronebeløp, og desse er tatt inn i forskrift og reglement slik vedtatt i saka.

Elles er dei viktigaste endringane i forskrift og/eller reglement:

- Det er presisert i forskrifta at tilsette og frikjøpte får godtgjersle på lik line med øvrige styremedlemmer i dei kommunale føretaka. For frikjøpsordninga sin regel om at frikjøpet dekkjer alt, er det tatt inn at dette likevel ikkje gjeld for verv i organ der andre enn kommunen betaler ut godtgjering.
- Det er tatt inn at innkalte varamedlemmer til kommunestyret som deltek under ein time skal motta 50% møtegodtgjering. Det same for den som møter i ei sak på grunn av inhabilitet.
- For utgifter til barnepass eller andre omsorgsoppgåver kan dokumenterte utgifter utover timesats kompensast etter førhandsgodkjenning av ordførar.
- Det er tatt inn reglementet at krav om møtegodtgjersle, reiserekning m.m skal fremjast gjennom elektronisk portal i Visma innan 3 månader, og at alle krav må vere innkome innan utgangen av rekneskapsåret.
- Det er presisert at dersom ikkje dekt av andre, gir kommunen godtgjersle per møte (0,10% av 8,5G) og utgiftsdekking til følgjande: kommunen sine valde representantar og representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling, til kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av, og til kommunen sine utsendingar til fylkesmøte i KS.
- Godtgjersla til partigruppene vert utbetalt til gruppeleiar i si heilheit november/desember dersom ikkje politisk sekretariat får melding frå gruppeleiar om anna fordeling innan 1. oktober. Det er presisert at det ikkje vert gitt skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering for styremøte i aksjeselskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt der vedkomande er vald som kommunen sin representant. Heller ikkje for gruppemøte og andre aktivitetar i eige parti eller gruppe, eller i andre

samanhenger der vedkomande representerer partiet eller gruppa.

- Det er klargjort at faste medlemmer av kommunestyret ved starten av kommunestyreperioden får utdelt kommunal låne-PC med programvare som er nødvendig for å utføre vervet.

Vurderingar:

Ålesund kommune har både ei lokal forskrift og eit reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår. Nokre kommunar har vald å kun ha ei lokal forskrift, og ikkje eit reglement i tillegg. Dette er noko også Ålesund kan vurdere i forkant av ny valperiode i 2027. Sidan vi no er midt i perioden er det vald å halde fast på ordninga vi har med både forskrift og eit litt meir omfattande reglement knytt til forskrifta.

Kommunedirektøren tilrår at utkastet til revidert forskrift vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 01.02.2026 - 28.02.26. Etter høyringsperioden vert forskrift og reglement lagt fram til endeleg vedtaka kommunestyret sitt marsmøte. Den nye forskrifta og reglementet vil bli tilgjengeleg på kommunen si heimeside så brukervenleg som mogleg.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Den nye reviderte forskrifta og reglementet har ikkje endra på nivå på godtgjersle. Alle satsar er vidareført slik dei er i noverande forskrift og justert i samsvar med budsjettvedtak for 2026. Satsane for 2026 blir utrekna etter grunnbeløp pr 1.5.2024 (kr 124 028). For kommunale føretak og valkomite for heileigde selskp er nivå på satsar tatt inn i tråd med kommunestyrevedtaka. Forskriftsendringa vil såleis ikkje føre til auka utgifter for kommunen.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

**Forskrift for folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode - revisjon
2026****Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Elin Moen

E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 23/65

Journalpost: 26/3207

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
013/26	Formannskap	27.01.2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Ålesund formannskap vedtek å legge forslag til ny lokal forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode i Ålesund kommune ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Den nye forskrifta skal erstatte gjeldande lokal forskrift av 06.11.2023 fastsatt av Ålesund kommunestyre med heimel i kommunelova § 8-3, § 8-4, § 8-6 og § 8-10.

Forslaget til ny forskrift vert behandla i formannskapsmøte 17. mars og kommunestyremøte 26. mars 2026.

Saksgang:

Saka vert lagt fram for formannskapet som vedtek å legge eit revidert forslag til forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode ut på høyring. Etter endt høyring vert sak med revidert forskrift og reglement lagt fram for formannskap og kommunestyre til avgjerd.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok noverande forskrift hausten 2023 i samband med ny kommunestyreperiode, og iverksetting av ny kommune frå 01.01.2024 etter kommunedeling. Kommunen vedtok også eit eige reglement "Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår". Reglementet utdjupar forskrifta og vart vedtatt av Ålesund kommunestyre i møte 26.10.23, sak 8/23.

I perioden som har gått frå forskrift og reglement vart vedtatt har det oppstått behov for nokre avklaringar, og ordførar har derfor bedt om at ei revidert forskrift og reglementet vert lagt fram til politisk behandling.

Ny kommunelov kapittel 8 krev at følgjande reglar vert utforma som lokal forskrift:

- § 8-3 dekking av utgifter og økonomisk tap
- § 8-4 arbeidsgodtgjering
- § 8-6 ettergodtgjering
- § 8-10 permisjonar

Kommunedirektøren legg fram forslag til ei revidert lokal forskrift i Ålesund i tillegg til reglement for dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Med bakgrunn i at vi har ei lokal forskrift som det er lagt opp til å endre, må reglane om forskrifter i kap VII i forvaltningslova følgjast. Dette inneber mellom anna høyring og formkrav.

Forvaltningslova. kap.VII

Av forvaltningslova § 37 går det fram:

Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trengs for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.

Forhåndsvarsling kan unnlates forsåvidt den:

- a) ikke vil være praktisk gjennomførlig, eller*
- b) kan vanskeliggjøre gjennomføring av forskriften eller svekke dens effektivitet, eller*
- c) må anses åpenbart unødvendig.*

Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig. Når saken egner seg for det, kan forvaltningsorganet bestemme at forhandlinger om saken skal foregå i møte.

For å ivareta openheit og medverknad , skal det etter forvaltningslova § 37 annet ledd gjennomførast høyring av forslaget. Dette for at dei som er omfatta av forslaget skal kunne få kome med sine synspunkt. Høyringsfristen bør vere så lang at dei som vert omfatta får ein reell sjanse til å førebu ein eventuell uttale. Kommunen avgjer på kva måte forslaget til ny forskrift skal kunngjerast, og kan sette frist for å gi uttale.

Sidan det no gjeld ei endring av gjeldande forskrift, er det lagt til grunn at dei folkevalde kjenner innhaldet i gjeldande forskrift og reglement. Høyringsfristen kan dermed vere relativ kort. Kommunedirektøren meiner at ein ivaretek omsynet bak krav om høyring ved at forslaget til endra lokal forskrift vert kunngjort på kommunen si heimeside med høyringsfrist 28. februar. Dei som ønskjer det får ei rimeleg tid til å kome med uttale, og formannskapet kan behandle innkomne uttalar før saka går til kommunestyret. Når kommunestyret vedtar ny forskrift, må den gamle forskrifta formelt bli vedtatt oppheva.

Endringar og presiseringar i forslag til ny forskrift og reglement:

Den nye forskrifta er i hovudsak lik den gamle, men utvida med nokre fleire paragrafar for å ta med viktig innhald. Satsane er i tråd med budsjettvedak for 2026, og tar utgangspunkt i grunnbeløp (G) pr 01.05. 2024. Satsane er i hovudsak rekna i prosent av 8,5 G. Reglementet er forsøkt forenkla noko, og til dømes er innhald som allereie står i kommunen sitt reglement for folkevalde organ utelatt.

Når det gjeld dei kommunale føretaka er det vedtatt satsar for styremedlemmer i kommunestyresak 163/24 vedtatt i møte 12.12.2024. Satsane som her vart vedtatt er tatt inn i revidert forskrift og reglement, men med faste satsar. Regel om kompleksitet og at styret sjølv kan avgjere basert på tidlegare år er tatt ut slik at ein oppfyller kommunelova sitt krav om at det er kommunestyret sjølv som fastset godtgjersle for styra i kommunale føretak. Varamedlemmer sine satsar er fast kronebeløp slik vedtatt i kommunestyresaka. Det betyr at desse satsane ikkje blir justert i tråd med endring av grunnbeløpet 1. mai kvart år.

For valkomite for heileigde selskap er det også eit eige vedtak om godtgjersle i kommunestyresak 35/25 frå møte 15.05.25 Vedtatte satsar for leiar og medlemmer er i faste kronebeløp, og desse er tatt inn i forskrift og reglement slik vedtatt i saka.

Elles er dei viktigaste endringane i forskrift og/eller reglement:

- Det er presisert i forskrifta at tilsette og frikjøpte får godtgjersle på lik line med øvrige styremedlemmer i dei kommunale føretaka. For frikjøpsordninga sin regel om at frikjøpet dekkjer alt, er det tatt inn at dette likevel ikkje gjeld for verv i organ der andre enn kommunen betaler ut godtgjering.
- Det er tatt inn at innkalte varamedlemmer til kommunestyret som deltek under ein time skal motta 50% møtegodtgjering. Det same for den som møter i ei sak på grunn av inhabilitet.
- For utgifter til barnepass eller andre omsorgsoppgåver kan dokumenterte utgifter utover timesats kompensast etter førhandsgodkjenning av ordførar.
- Det er tatt inn reglementet at krav om møtegodtgjersle, reiserekning m.m skal fremjast gjennom elektronisk portal i Visma innan 3 månader, og at alle krav må vere innkome innan utgangen av rekneskapsåret.
- Det er presisert at dersom ikkje dekt av andre, gir kommunen godtgjersle per møte (0,10% av 8,5G) og utgiftsdekking til følgjande: kommunen sine valde representantar og representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling, til kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av, og til kommunen sine utsendingar til fylkesmøte i KS.
- Godtgjersla til partigruppene vert utbetalt til gruppeleiar i si heilheit november/desember dersom ikkje politisk sekretariat får melding frå gruppeleiar om anna fordeling innan 1. oktober. Det er presisert at det ikkje vert gitt skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering for styremøte i aksjeselskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt der vedkomande er vald som kommunen sin representant. Heller ikkje for gruppemøte og andre aktivitetar i eige parti eller gruppe, eller i andre

samanhenger der vedkomande representerer partiet eller gruppa.

- Det er klargjort at faste medlemmer av kommunestyret ved starten av kommunestyreperioden får utdelt kommunal låne-PC med programvare som er nødvendig for å utføre vervet.

Vurderingar:

Ålesund kommune har både ei lokal forskrift og eit reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår. Nokre kommunar har vald å kun ha ei lokal forskrift, og ikkje eit reglement i tillegg. Dette er noko også Ålesund kan vurdere i forkant av ny valperiode i 2027. Sidan vi no er midt i perioden er det vald å halde fast på ordninga vi har med både forskrift og eit litt meir omfattande reglement knytt til forskrifta.

Kommunedirektøren tilrår at utkastet til revidert forskrift vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 01.02.2026 - 28.02.26. Etter høyringsperioden vert forskrift og reglement lagt fram til endeleg vedtaka kommunestyret sitt marsmøte. Den nye forskrifta og reglementet vil bli tilgjengeleg på kommunen si heimeside så brukervenleg som mogleg.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Den nye reviderte forskrifta og reglementet har ikkje endra på nivå på godtgjersle. Alle satsar er vidareført slik dei er i noverande forskrift og justert i samsvar med budsjettvedtak for 2026. Satsane for 2026 blir utrekna etter grunnbeløp pr 1.5.2024 (kr 124 028). For kommunale føretak og valkomite for heileigde selskp er nivå på satsar tatt inn i tråd med kommunestyrevedtaka. Forskriftsendringa vil såleis ikkje føre til auka utgifter for kommunen.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør



Ålesund
kommune

Sakspapir

Bypakke Ålesund - 4. gangsbehandling - bearbejdet

Dokumentinformasjon:

Saksbehandler:
Liv Kjersti Finholt
Tlf:
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Behandling:

Saksnr	Utvalg
007/17	Formannskapet Bystyret

Rådmannens innstilling:
Ålesund bystyre vedtar følgende:
Bypakkens prosjektiliste slik
Kommunen skal finansiere
Justert bomplassering slik
Justerte takster og rabatter
Trafikksikkerhets-, syk
Det skal etableres en
Parallelt med bypakke
mål om 15 % kollekt

Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår

For Ålesund kommune 2023 – 2027

Foto: Marit Brunstad

Vedtatt av Ålesund kommunestyre

Innhald

1. KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR	3
§ 1-1. HEIMEL.....	3
§ 1-2. FORMÅL	3
§ 1-3. VERKEOMRÅDE	3
2. DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP	3
§ 2-1. TAP AV INNTEKT	3
§ 2-2. SKYSS, KOST, OVERNATTING, PÅFØRTE UTGIFTER	4
§ 2-3. BARNEPASS OG OMSORG	5
3. GODTGJERSLE FOR ARBEID	5
§ 3-1. GENERELLE REGLAR	5
§ 3-2. UTREKNING AV GODTGJERSLA	6
§ 3-3. GODTGJERSLE TIL ORDFØRER OG VARAORDFØRER	6
§ 3-4. FAST GODTGJERSLE	7
§ 3-5. GODTGJERSLE TIL PARTIGRUPPENE I KOMMUNESTYRET	8
§ 3-6. FRIKJØP	9
§ 3-7. STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK	10
§ 3-8. AVKORTING AV FAST GODTGJERSLE	11
§ 3-9. GODTGJERSLE PER MØTE	11
§ 3-10. OPPGÅVEUTVAL, ARBEIDSGRUPPER, OPPNEMNDE TIL ULIKE STYRE MM	12
§ 3-11. REDUSERT MØTEGODTGJERSLE	13
§ 3-12. UNNTAK FRÅ GODTGJERSLE	13
§ 3-13. SJUKEFRÅVÆR OG PERMISJONAR	14
§ 3-14. ETTERGODTGJERSLE	14
§ 3-15. PENSJONSORDNING	14
§ 3-16. FORSIKRING	15
4. ARBEIDSVILKÅR OG ORGANISATORISKE REGLAR	15
§ 4-1. OPPLÆRING OG TILRETTELEGGING	15
§ 4-2. ARBEIDSVILKÅR SOM FOLKEVALD	15
§ 4-3. UTBETALING AV YTINGAR	16
§ 4-4. OPPGÅVEPLIKTIG GODTGJERSLE	16
§ 4-5. DOKUMENTASJON PÅ FOLKEVALD VERV	17

1. KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR

§ 1-1. HEIMEL

Folkevalde sine rettar og plikter er heimla i kommunelova kapittel 8. Ålesund kommunestyre har vedtatt forskrift i medhald av lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 8-3, § 8-4, § 8-5, § 8-6, § 8-7, § 8-8, § 8-9 og § 8-10.

§ 1-2. FORMÅL

Kommunen si forskrift og dette reglement har som formål å sikre den som har eit kommunalt tillitsverv godtgjersle for arbeidsinnsatsen, erstatning for tap av arbeidsinntekt, samt kompensasjon for utgifter knytt til tillitsvervet i tråd med reglane i kommunelova kapittel 8.

§ 1-3. VERKEOMRÅDE

Forskrifta og reglementet gjeld for folkevalde medlemmer av kommunestyret og andre personar som eit folkevald organ har vald inn i eit folkevald organ jf. Kommunelova § 5-1, eller eit anna kommunalt organ etter [kommunelova § 5-2](#).

Forskrifta og reglementet gjeld også kommunens valde representantar og representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling. Kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av, samt kommunens utsendingar til fylkesmøte i KS.

2. DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP

§ 2-1. TAP AV INNTEKT

Kommunalt valde representantar, med unntak av ordførar og varaordførar, har rett på erstatning for dokumentert tapt arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) som utføring av kommunalt verv fører med seg.

Føresetnaden for å krevje slik kompensasjon er at det ligg føre eit faktisk tap.

Folkevalde har krav på erstatning for tap av inntekt som følge av vervet etter følgjande reglar:

- a) Dokumentert tap av arbeidsinntekt eller utgifter til stedfortredar erstattast med inntil (100 % av ei dagsløn for ordførar (7,5 t)) og omrekna til timesats ved kortare fråvær.

Arbeidsgjevar skal dokumentere at det er gjort trekk i løn med dato for når trekket gjeld, beløpet som er trekt og om det omfattar feriepengar. Lønsmottakarar skal som dokumentasjon legge ved erklæring frå arbeidsgivar om trekk i løn. Utfylt skjema må leverast for kvar gong ein krev slik erstatning. Erklæringa må vere stempla og underskriven av den som er ansvarleg for lønsutbetalinga i firmaet.

- b) Den folkevalde kan i staden for å bli trekt i løn, gjere avtale med sin arbeidsgivar om å få utbetalt ordinær løn derifrå mot at arbeidsgivar får refusjon frå kommunen. Oppgjer skal skje fortløpande, eller etter avtale. Den folkevalde har sjølv ansvaret for å gje arbeidsgivar informasjon om kven som er rett adressat for refusjonskravet, og for kva møte refusjonen gjeld.

- c) Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap pr. dag ut frå dokumentert personinntekt frå næringsverksemd dividert med 230 dagar/pr. år. Det er sett eit tak tilsvarande 100 % av ei dagsløn for ordførar (7,5 t) og omrekna til timesats ved kortare fråvær.

Sjølvstendige næringsdrivande skal legge fram likningsattest og utskrift av likninga. Tap per dag blir utrekna etter personinntekt frå næringsverksemd dividert på 230 dagar. Kapital-, leige- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Dersom likningsutskrifta ikkje gir nok opplysningar for utrekning av det reelle tapet, kan ein i tillegg legge ved eiga fråsegn med ei utrekning av inntektstapet som kan godkjennast av ordføraren. Beløpet inkluderer sosiale kostnader. Refusjonen for tapet utløyser ikkje feriepengar.

- d) Udokumentert, sannsynleggjort tap, vert ettr søknad godtgjort med 0,25 % av 1G per time. Max 7,5 t pr dag. Ordninga gjeld også folkevalde som må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta kommunalt tillitsverv (studentar, pensjonistar, heimeverande, frilansarar mv
- e) Potensiell tapt arbeidsinntekt dekkast ikkje.

§ 2-2. SKYSS, KOST, OVERNATTING, PÅFØRTE UTGIFTER

- a) Folkevalde får i samband med vervet skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering i samsvar med Statens reiseregulativ for reiser ved minimum 3 kilometer avstand, anten mellom bustad og møtestad, eller mellom arbeidsplass og møtestad.

Dette gjeld:

1. møte i folkevalde organ vedkomande er medlem i, og
2. møte, konferansar og kurs som vedkomande er kommunens valde utsending til.

3. i fjernmøte der partigruppene kan sitte samla (hybridmøte), og det er spesifisert i innkalling at reiserekningar blir dekket.
- b) Det blir ikkje gitt skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle frå kommunen for reiser i samband med:
 1. styremøte i aksjeselskap eller andre sjølvstendig rettssubjekt der vedkomande er vald som kommunen sin representant, og andre aktivitetar for styremedlemmar i slike organ, og
 2. gruppemøte og andre aktivitetar i eige parti eller gruppe, eller i andre samanhengar der vedkomande representerer partiet eller gruppa.
- c) Når folkevalde i jobb- eller studiesituasjon oppheld seg utanfor kommunen og er innkalla til møte, vert reiseutgifter dekt med eigna transportmiddel på billigaste måte avgrensa opp til kr 2 000 per møte. Studentar skal så langt mogleg nytte studentrabatt ved bruk av offentleg kommunikasjon.
- d) Reiser skal gjennomførast på billigaste måte for kommunen, og der det er tenleg bør offentleg transportmiddel / bildelingstenesta OTTO nyttast. Ved bruk av privatbil bør fleire køyre saman. Bestillingar av flyreiser skal gjerast i god tid før avreise ved kommunen sin reisebyråavtale.

§ 2-3. BARNEPASS OG OMSORG

Utgifter til barnepass for barn under 12 år, barn med særlege behov, eller andre omsorgsoppgåver dokumentert som faktiske utgifter, kan etter søknad dekkast med ein timesats på 0,15% av 1G.

Dokumenterte utgifter utover dette kan etter førehandsgodkjenning av ordførar bli kompensert.

3 GODTGJERSLE FOR ARBEID

§ 3-1. GENERELLE REGLAR

- a) Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for arbeidet sitt med å utføre tillitsverv. Kommunestyret gir sjølv forskrift for slik godtgjering jf. kommunelova § [8-4](#).

- b) Kommunestyret bør fastsette godtgjersle tidleg i valåret og bør gjere dette gjeldande for den kommande valperioden.
- c) Folkevalde har ikkje noko tilsettingsforhold i kommunen og godtgjersla er ikkje løn. Godtgjersla er kompensasjon for arbeidet som tillitsvald og blir innrapportert som skattepliktig inntekt.
- d) All godtgjersle med unntak av ordførar og varaordførar blir sett i prosent av 8,5 G, runda til næraste krone. Satsane blir justerte i samsvar med grunnbeløpet (G) i folketrygda per 1. mai kvart år, med mindre kommunestyret gjer anna vedtak. For 2026 har kommunestyret vedtatt at grunnbeløp pr. 1.5.2024 (kr 124 028) skal leggst til grunn.
- e) Valkomite for heileigde selskap vert godtgjort med eit fast kronebeløp. Det same gjeld varamedlemmer til kommunale førtak som får eit fast kronebeløp per møte.

§ 3-2 UTREKNING AV GODTGJERSLA

- a) Godtgjering til ordførar, varaordførar og folkevalde som er omfatta av frikjøpsordninga, utbetalast i 12 like månadsrater.
- b) Det blir ikkje rekna feriepengar av godtgjersla, då folkevalde ikkje er omfatta av ferielova.
- c) Fast godtgjersle vert utbetalt som hovudregel éin gang i året (november/desember) for perioden 1. november – 31. oktober.
- d) Godtgjersla til partigruppene vert utbetalt til gruppeleiar i si heilheit november/desember dersom ikkje politisk sekretariat får melding frå gruppeleiar om anna fordeling innan 1. oktober.

§ 3-3. GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

- a) Ordføraren blir godtgjort med 11 G. Varaordføraren blir godtgjort med 8,5 G.

	G	Sum per 1/5 2024
Ordførar	11 G	1 364 308
Varaordførar	8,5 G	1 054 238

- b) Godtgjersla omfattar alt arbeidet som ligg i desse to verva og det blir ikkje gitt fast godtgjersle eller godtgjersle per møte frå kommunen for arbeid i organ dei er valde medlemmar av.
- c) Kommunen dekker utgifter til PC og telefon samt abonnement på Kommunal Rapport.
- d) Ordførar og varaordførar får dekkja bilgodtgjering med 40 000 kr årleg, samt får fast parkeringsplass. Dei kan ved behov bruke kommunen si bildelingsordning.

§ 3-4. FAST GODTGJERSLE

- a) Fast godtgjersle blir gitt til verv i folkevalde organ der det påreknast utstrakt kontakt frå involverte partar, interesseorganisasjonar, publikum og frå pressa. Den faste godtgjersla kompenserer for arbeidet slik kontakt utløyser, utlegg til telefon, internett mv. Godtgjersla omfattar og deltaking i kurs og konferansar for folkevalde der medlemmer av utval omfatta av fast godtgjersle er målgruppa.
- b) Fast godtgjersle til leiar, eller høgare sats per møte, kompenserer for leiarfunksjonen.
- c) For leiarane av hovudutval og utval er alle oppdrag inklusive i godtgjersla.
- d) Fast godtgjersle blir gjort gjeldande for følgjande verv (i prosent av 8,5 G):

Verv, organ	%	Sum (G pr 01.05.24)
Faste medlemmar		
Formannskap	15,00	158 136
Leiar		
Leiar hovudutval	10,00	105 424
Planutval	15,00	158 136
Kommunedelutval	0,75	7 907
Kontrollutval	10,00	105 424
Eldreråd	0,75	7 907

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	0,75	7 907
Ungdomsråd	0,75	7 907

For valkomite for heileigde selskap gjeld følgjande årleg godtgjersle:

Leiar	Kr 33 273
Medlem	Kr 16 637

§ 3-5 GODTGJERSLE TIL PARTIGRUPPENE I KOMMUNESTYRET

- a) Kvar partigruppe som er representert i kommunestyret får ved gruppeleiar utbetalt fast årsgodtgjersle etter storleiken på gruppa. Godtgjersla gjeld for:
- arbeidet med å administrere gruppa
 - møte der gruppeleiarane blir konsultert eller representerer gruppa
 - koordinering mot administrasjonen og andre partigrupper (under dette samle opp spørsmål til administrasjonen, vere kontaktpunkt for gruppa, bestille møterom, gi utbetalingsinformasjon til sekretariatet)

Godtgjersle i prosent av 8,5 G:

Kommunestyregruppene	%	Sum (G pr 01.05.24)
Gruppeleiar	4,0	40 331
Pr. medlem utover gruppeleiar	1,00	10 083

- b) Fast sats per parti skal gå til gruppeleiarane av partia, men partia kan sjølv vedta om stønad per medlem (1% av 8,5 G) skal utbetalast og lønsmeldast til andre i gruppa. Dersom eit medlem melder seg ut av eit parti, skal støtta for denne medlemmen framleis utbetalast til partiet vedkomande forlèt.
- c) Tilskot til dei politiske partia som er representert i Ålesund kommunestyre er ikkje ein del av denne forskrifta, men blir behandla i eiga sak.

§ 3-6. FRIKJØP

- a) Folkevalde med særleg arbeidskrevjande verv kan velje ei frikjøpsordning som skal dekke både ordinær godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for alle møte/oppdrag knytt til dei verva som går inn under frikjøpsordninga.
- b) Taket på frikjøp er 80 % av ordførar si godtgjersle. Det er eit vilkår for å kunne velje dette alternativet at den folkevalde tek permisjon frå si ordinære stilling minst tilsvarande det samla prosentvise frikjøpet.
- c) Ein folkevald kan ikkje velje frikjøp for eit organ og møtegodtgjersle for eit anna der ein er fast medlem, og der medlemskapet gir grunnlag for frikjøp (jf. oversikt under).
- d) Følgjande verv er definert som særleg arbeidskrevjande og dannar grunnlag for frikjøp med følgjande satsar:

Verv, organ	% av G Frikjøp	Sum 1G per 1/5 01.05.24)
	8,5 G	
Faste medlemmar formannskap	30,00	316 271
Leiar hovudutval	20,00	210 848
Leiar planutval	30,00	316 271
Leiar kontrollutval	20,00	210 848

- e) For den som vel frikjøp fell møtegodtgjeringa bort, samstundes som satsen for fast godtgjersle vert dobla. For den som vel frikjøp vert også godtgjersle for kommunestyret og hovudutval/planutval omrekna (med utgangspunkt i fastsett møteplan) til fast beløp etter følgjande tabell:

Verv, organ	% av Frikjøp	Sum 1G per 1/5 2024)
	8.5G	
Kommunestyret	3,00	31 627
Hovudutval/planutval	2,00	21 85

- f) Procentsatsen for frikjøpsordninga skal dekkje alle faste møte inkludert ekstramøte, i alle møte i alle politiske organ (inklusive arbeidsutval, oppgåveutval og som møtande varamedlem), synfaringar, studiereiser, konferansar og alle andre oppdrag

i desse fora. Dette gjeld likevel ikkje for verv i kommunale føretak og organ der andre enn kommunen betaler ut godtgjering.

g) Ansvar og oppgåver for frikjøpte politikarar:

- Frikjøp skal gi den frikjøpte og partia sine kommunestyregrupper eit betre høve til å gjere eit kvalifisert arbeid i Ålesund kommune.
- Det vert forventa at den frikjøpte folkevalde nyttar tida til beste for Ålesund kommune, og ikkje til partiarbeid. Det vil seie i saker i, og for Ålesund kommune.
- Den frikjøpte må rekne med å vere tilgjengeleg tilsvarande grad av frikjøp. Typiske oppgåver, i tillegg til oppgåver knytt til medlemskap i formannskap og utval, vil vere å:
 - vere kommunen sin representant i ulike styre, grupper, utval mm.
 - delta i, eller leie, arbeidsgrupper, arbeidsutval, oppgåveutval
 - representere kommunen, på vegne av ordførar
 - delta på konferansar, opplæring, synfaringar
 - svare innbyggjarar som tar kontakt
- Ordførar kan i tillegg tildele oppgåver.

h) Folkevald som ønskjer å nytte ordninga med frikjøp skal sende skriftleg søknad med dokumentasjon frå arbeidsgjevar om reduksjon av ordinær stilling, til politisk sekretariat.

i) Folkevald med innvilga frikjøp er sjølv ansvarleg for å melde frå om endringar som kan ha innverknad på retten til frikjøp.

j) Folkevald som er innvilga frikjøp, men som i løpet av perioden ikkje lenger fyller vilkåra for frikjøp fordi hen må seie opp si ordinære stilling (av grunnar vedkomande sjølv ikkje kan styre) eller arbeidsgjevar trekker inn stillinga, skal framleis kunne vere omfatta av ordninga med frikjøp ut perioden.

k) Politisk sekretariat skal ha skjema og rutinar for vedtak og oppfølging av frikjøpsordninga, under dette også eventuell reduksjon ved fråvær og endringar som påverkar vilkår for frikjøp.

§ 3-7. STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK

a) Styreleiar og medlemmer for kommunalt føretak mottek godtgjersle med ein fast sum per år i prosent av 8,5 G. Varamedlemmar får godtgjersle per møte (fast kronebeløp).

- b) Styret si godtgjering skal være moderat, men samtundes stå i rimeleg forhold til styret sitt ansvar, kompetanse, forventa tidsbruk og arbeidet sin kompleksitet.
- c) Tilsette og frikjøpte får godtgjersle på lik line med øvrige styremedlemmer.

Godtgjersle i prosent av 8,5 G :

Organ (1G per 1/5-24)	Leiar av		Fast medlem	
	%	Kr	%	Kr
Møre og Romsdal 110-sentral KF	6,5%	65 241		
Ålesund brannvesen KF	6,5%	65 241	1,5%	756
Varamedlem				1000 per møte
Ålesund kommunale eigedom KF	13%	130 482	3 %	1008
Varamedlem				1800 per møte

§ 3-8. AVKORTING AV FAST GODTGJERSLE

- a) Ved fråver i 30% eller meir av møta i arbeidsåret (1.november – 31. oktober), reduserast den faste godtgjersla tilsvarande.
- b) Deltrek ein varamedlem i 50% eller meir av møta i arbeidsåret, blir det gitt fast godtgjersle etter same regel. Det same for nestleiar som fungerer som leiar i 50% eller meir av møta i arbeidsåret.
- c) Også frikjøpte er omfatta av reglane om avkorting. Avkorting for frikjøpte gjeld ikkje dersom fråver skuldast sjukdom, permisjon eller at vedkomande deltek på andre oppdrag for kommunen. Godtgjersla skal reduserast med ein sum tilsvarande satsen for møtegodtgjersle i vedkomande organ, og satsen for ulegitimert tapt arbeidsforteneste. reduksjon skje fortrinnsvis skje ved utbetaling av godtgjersle i nærast påfølgjande månad.

§ 3-9. GODTGJERSLE PER MØTE

- a) Godtgjering per møte blir gitt til førebuing av og gjennomføring av møte i det aktuelle organet. Med førebuing meiner vi slikt som lesing av saksdokument og deltaking i gruppemøte, synfaring, folkemøte og andre aktivitetar som er relevante som bakgrunnsstoff for å ta stilling til dei sakene som blir handsama i møtet.

- b) Godtgjersle per møte blir gitt til møtande medlem (inkl. leiar) og møtande vara for følgjande organ (i prosent av 8.5 G):

Organ (1G per 01.05.2024)	Leiar		Møtande medlem	
	%	Kr	%	Kr
Kommunestyre			0,4	4 217
Formannskap			0,20	2 108
Planutval			0,20	2 108
Hovudutval			0,20	2 108
Kontrollutval			0,40	4 217
Kommunedelutval	0,15	1 581	0,10	1 054
Eldreråd			0,10	1 054
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne			0,10	1 054
Ungdomsråd			0,10	1 054
Partsamansett utval/Administrasjonsutval			0,10	1 054
Forhandlingsutval			0,10	1 054
Klagenemnd	0,15	1581	0,10	1 054

§ 3-10. OPPGÅVEUTVAL, ARBEIDSGRUPPER, OPPNEMNDE TIL ULIKE STYRE MM

Når formannskap, dei politiske utvala (inkl. medverknadsorgana) oppretter arbeidsutval eller kommunestyret oppretter oppgåveutval som skal løyse konkrete tidsavgrensa arbeidsoppgåver skal leiar av organa motta 0,15 % av 8,5 G (fell bort ved val av frikjøp), medan medlemmer mottek 0,10 % per møte. Dersom kommunedelsutvala oppretter arbeidsutval vert det ikkje gitt godtgjersle.

Dersom ikkje dekt av andre, gir kommunen godtgjersle per møte (0,10% av 8,5G) og utgiftsdekking til følgjande:

- kommunen sine valde representantar og representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling,
- til kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av, og til
- kommunen sine utsendingar til fylkesmøte i KS.

Godtgjersle i prosent av 8,5 G:

Organ Beløp i 2021 (1G per 01.05.2024)	Leiar		Møtande medlem	
	%	Kr	%	Kr
Arbeidsgruppe kommunedelsutval	0		0	
Arbeidsgruppe i politiske utval	0,15	1 581	0,10	1054
Oppgåveutval	0,15	1 581	0,10	1054
Kommunalt oppnemnde folkevalde i styre og utval, inkl. styringsgruppe for bypakke og organ etter særlov	0,15	1 581	0,10	1054

§ 3-11. REDUSERT MØTEGODTGJERSLE

Innkalte varamedlemmer til kommunestyret mottar 50 % møtegodtgjering dersom dei deltek under ein time. Det same gjeld varamedlemmer som møter i ei sak på grunn av inhabilitet. Varamedlemmer som møter i meir enn ei sak på grunn av inhabilitet i same møte, mottar ordinær møtegodtgjersle.

§ 3-12. UNNTAK FRÅ GODTGJERSLE

Møtegodtgjersle blir ikkje gitt:

- til meir enn eitt organ når to eller fleire organ, som i hovudsak har samanfallande samansetting av medlemmar, har møte etter kvarandre på same dag.
- til tilsette som møter i samband med den stillinga dei har, og der deltaking i utvalsarbeidet må sjåast på som ein naturleg del av deira arbeidsoppgåver. Tilsette oppnemnde til styre for kommunale føretak får godtgjersle på like line med andre styremedlemmer.
- til medlemmar i styre for sjølvstendig rettssubjekt.

§ 3-13. SJUKEFRÅVÆR OG PERMISJONAR

- a) Folkevalde som har vervet som hovudverksemd og kjem inn under vedteken frikjøpsordning har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen i tråd med reglane i kommunelova § [8-8](#).
- b) Folkevalde som har vervet som hovudverksemd har krav på permisjon etter reglane i kommunelova § [8-10](#).
- c) Permisjon kan givast i samsvar med [arbeidsmiljølova](#) §§ 12-1 til 12-10, § 12-12 og § 12-15. Det blir vist til kommunelova § [8-10](#). Dette gjeld mellom anna:
 - 1. Svangerskapspermisjon jf. Aml § 12-2
 - 2. Omsorgspermisjon jf. Aml § 12-3
 - 3. Fødselspermisjon jf. Aml § 12-4
 - 4. Foreldrepermisjon jf. Aml § 12-5
 - 5. Permisjon for pleie av nærstående jf. Aml § 12-10
 - 6. Pliktig militærteneste mv jf. Aml § 12-12.

§ 3-14. ETTERGODTGJERSLE

- a) Folkevald i verv tilsvarende 40 % av normalarbeidstid eller meir og som ikkje veljast for ein ny periode med minst same omfang, får godtgjersle i tråd med reglane i kommunelova § 8-6 ut over valperioden på følgjande vilkår:
 - 1. Godtgjersla for vervet fortset ut over valperioden sin slutt og fram til vedkomande går over i løna stilling eller blir mottakar av yting frå folketrygda i eit omfang som minst likt omfanget av det vervet vedkomande hadde ved utgangen av valperioden. Eksempel 1: Vervet er på 40 % og vedkomande får 30 % yting frå folketrygda. Godtgjersla oppretthaldast. Eksempel 2: Vervet er på 40 % og vedkomande får 50 % yting frå folketrygda. Godtgjersla fell bort.
 - 2. Ettergodtgjersle kan bli gitt i maksimalt 3 månadar.
- b) Folkevald som blir løyst frå vervet før valperioden er over får ikkje ettergodtgjersle.

§ 3-15. PENSJONSORDNING

- a) Dei folkevalde er meldt inn i KLP si pensjonsordning jf kommunelova § 8-7.
- b) Folkevalde som mottar minst 1/3 av godtgjeringa til den høgast lønna heiltidspolitikeren i kommunen, skal meldes inn i pensjonsordninga.
- c) Folkevalde som ikkje har krav på særskild pensjonsordning basert på si faste godtgjersle, kan søke om å få dekt utgiftene sine til å oppretthalde eiga

pensjonsordning. Utgiftene må legitimerast og blir dekt med ein del tilsvarande omfanget av den folkevalde sitt faste verv.

§ 3-16. FORSIKRING

- a) Folkevalde som har vervet som hovudverksemd har gruppelivsforsikring og yrkesksadeforsikring etter Hovedtariffavtalen sine reglar jf. kommunelova § 8-9.
- b) Folkevalde kan også etter eige ønske bli omfatta av ulykkesforsikring i fritida på same måte som tilsette i kommunen. Den enkelte folkevalde må sjølv ta kontakt med politisk sekretariat dersom dei ønskjer å vere omfatta av fritidsforsikringa. Eigendel trekkast av godtgjeringa.

4. ARBEIDSVILKÅR OG ORGANISATORISKE REGLAR

§ 4-1. OPPLÆRING OG TILRETTELEGGING

- a) Dei folkevalde skal få tilbod om opplæring i kommunen sin politiske- og administrative styringsstruktur, arbeidet i folkevalde organ, tilgjengeleg styringsverktøy, samt andre forhold som er viktig for å utøve vervet som folkevald.
- b) Opplæring skal administrerast av politisk sekretariat med støtte kommunedirektøren sine stabseiningar og aktuelle verksemdar.
- c) Kommunen sin politiske styringsstruktur legg til grunn at dei folkevalde skal ha gode rammevilkår og økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.
- d) Organ med stor saksmengde og med hyppige møte i månaden, kan legge møta sine i normalarbeidstida.
- e) Tal møte, tidspunkt for møta, saksmengde, omfang av dokument, tilgang til elektroniske tenester mv. skal så langt som råd tilpassast slik at flest mogleg kan makte å utføre oppgåva som folkevald på ein god måte.

§ 4-2. DIGITALE ARBEIDSVERKTØY, MØTEROM MV.

- a) Faste medlemmer av kommunestyret får ved starten av kommunestyreperioden utdelt kommunal låne-PC med programvare som er nødvendig for å utføre vervet.
- b) Leiarar i alle folkevalde organ skal få låne anten pc eller nettbrett i heile perioden. Dei faste representantar i andre folkevalde organ og dei første vararepresentantane i kommunestyret, skal få tilbod om å låne ledige nettbrett.

- c) Ved bruk av kommunens IKT-løysingar gjeld dei same retningslinjer for folkevalde som for tilsette knytt til forsvarleg bruk av IKT og informasjonssikkerheit. Dette inneber mellom anna krav til kompetanse, bruk av internett, handtering av passord og låsing av PC/nettbrett.
- d) Når medlemmar av folkevalde organ går endeleg ut av vervet sitt, skal pc eller nettbrett snarast råd returnerast til politisk sekretariat. Det same gjeld ved permisjonar lengre enn seks månader.
- e) Kommunestyregruppene skal ha tilgang til møterom/lokale til gruppemøte i rådhuset og på tenestehusa. Frikjøpte politikarar skal ha tilgang på kommunal arbeidsplass.
- f) Adgangskort til rådhuset vert gitt til frikjøpte, formannskapet, gruppeleiarar og leiarar av andre folkevalde organ.

§ 4-3. UTBETALING AV YTINGAR

Folkevalde har eit særskilt ansvar for å legge fram relevant og korrekt dokumentasjon som grunnlag for sine krav.

- a) Dokumentert krav om tapt arbeidsforteneste skal sendast politisk sekretariat innan 3 månader etter møtet som det vert kravd tapt arbeidsforteneste for. Mottekne krav handsamast og kjem til utbetaling på same tidspunkt som kommunen betalar ut løn for sine tilsette.
- b) Refusjon av løn til arbeidsgivar skal fakturerast fortløpande og seinast innan 3 månader etter møtet det vert kravd lønsrefusjon for. Sjølvstendig næringsdrivande må oppgi organisasjonsnummer for bedrifta.
- c) Reiserekningar skal skrivast snarast råd etter kvart møte. Alle utgifter og krav for vedkomande reise skal førast opp i same reiserekning.
- d) Krav om møtegodtgjersle, reiserekning m.m skal fremjast gjennom elektronisk portal i Visma innan 3 månader. Alle krav må vere innkome innan utgangen av rekneskapsåret.

§ 4-4. OPPGÅVEPLIKTIG GODTGJERSLE

Utbetaling av tapt arbeidsforteneste blir rapportert inn som inntekt. Skatt blir trekt etter innlevert skattekort. Bilgodtgjersle og diett blir rapportert inn som oppgåvepliktig godtgjersle etter gjeldande reglar for slike ytingar.

§ 4-5. DOKUMENTASJON PÅ FOLKEVALD VERV

Den som har hatt verv som folkevald, kan få skrive ut dokumentasjon på verva, kva verva gjeld og funksjonstida på dei. Dokumentasjonen vert skrive ut av politisk sekretariat.

5. OVERSIKT OVER SEKRETARIAT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Organ	Sekretariat
Partsamansette utval/administrasjonsutval	Personal og organisasjon
Forhandlingsutval	Personal og organisasjon
Kommunedelsutval	Politisk sekretariat
Kommunestyre	Politisk sekretariat
Hovudutval	Politisk sekretariat
Planutvalet	Politisk sekretariat
Eldreråd	Politisk sekretariat
Oppgåveutval m.v.	Den som opprettar organet
Formannskapet	Politisk sekretariat
Hamneråd og hamnestyre	Ålesundregionens havnevesen
Klagenemnda (forvaltningslova § 28)	Politisk sekretariat
Kontrollutval	Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	Politisk sekretariat
Sakkyndig nemnd	Verksemd plan, byggesak og geodata
Skattetakstklagenemnd	Verksemd plan, byggesak og geodata
Styret for Møre og Romsdal 110-sentral KF	Føretaket
Styret for Ålesund brannvesen KF	Føretaket
Styret for Ålesund kommunale eigedom KF	Føretaket
Ungdomsrådet	Politisk sekretariat
Valstyret	Politisk sekretariat

Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

§ 1. Formål

Forskrifta har som formål å sikre den som har eit kommunalt tillitsverv godtgjersle for arbeidsinnsatsen, erstatning for tap av arbeidsinntekt, samt kompensasjon for utgifter knytt til tillitsvervet, i samsvar med [kommunelova § 8-3](#) og [§ 8-4](#). Forskrifta regulerer også frikjøp jf. [kommunelova § 8-5](#), og velferdsordningar for folkevalde som har vervet som si hovudverksemd i samsvar med [kommunelova § 8-6](#), [§ 8-7](#), [§ 8-8](#), [§ 8-9](#) og [§ 8-10](#).

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for folkevalde medlemmer av kommunestyret og andre personar som eit folkevald organ har vald inn i eit folkevald organ jf. [kommunelova § 5-1](#), eller eit anna kommunalt organ etter [kommunelova § 5-2](#). Forskrifta gjeld også kommunens valde representantar og representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling. Kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av, samt kommunens utsendingar til fylkesmøte i KS.

§ 3. Godtgjersle til ordførar og varaordførar

Ordføraren blir godtgjort med 11G. Varaordføraren blir godtgjort med 8,5 G.

Godtgjersla omfattar alt arbeidet som ligg i desse to verva og det blir ikkje gitt fast godtgjersle eller godtgjersle per møte frå kommunen for arbeid i organ dei er valde medlemmar av.

Kommunen dekker utgifter til PC og telefon, samt abonnement på Kommunal Rapport.

Ordførar og varaordførar får dekka bilgodtgjering med kr 40 000 kr årleg, samt får fast parkeringsplass. Dei kan ved behov bruke kommunen sin bildelingsordning.

§ 4. Arbeidsgodtgjersle – fast

All godtgjersle blir sett i prosent av 8,5 G, runda til næraste krone. Satsane blir justerte i samsvar med grunnbeløpet (G) i folketrygda per 1. mai kvart år, med mindre kommunestyret gjer anna vedtak. For 2026 har kommunestyret vedtatt at grunnbeløp pr. 1.5.2024 (kr 124 028) skal leggst til grunn.

Det blir gitt fast godtgjersle per år for leiar og faste medlemmer i nokre organ. For leiarar av utval er alle oppdrag inklusive i godtgjersla.

Fast godtgjersle blir gjort gjeldande for følgjande verv (i prosent av 8,5 G):

Formannskap	medlem	15%
Hovudutval	leiar	10%
Planutval	leiar	15%
Kontrollutval	leiar	10%
Kommunedelsutval	leiar	0,75%
Eldreråd	leiar	0,75%
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	leiar	0,75%
Ungdomsråd	leiar	0,75%

For valkomite for heileigde selskap gjeld følgjande årleg godtgjersle:

Leiar	Kr 33 273
Medlem	Kr 16 637

§ 5. Godtgjersle til partigruppene i kommunestyret

Kvar partigruppe ved gruppeleiar får fast årleg godtgjersle i prosent av 8,5G

Gruppeleiar	4%
Pr. medlem utover gruppeleiar	1%

Fast sats per parti skal gå til gruppeleiarane av partia, men partia kan sjølv vedta om stønad per medlem skal utbetalast og lønsmeldast til andre i gruppa

§ 6. Arbeidsgodtgjersle variabel

Godtgjersle per møte blir gitt til møtande medlem (inkl. leiar) og møtande vara for følgjande organ (i prosent av 8,5 G):

Kommunestyre		medlem 0,4%
Formannskap		medlem 0,2%
Planutval		medlem 0,2%
Hovudutval		medlem 0,2%
Kontrollutval		medlem 0,4%
Kommunedelsutval	leiar 0,15%	medlem 0,10%
Eldreråd		medlem 0,10%
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		medlem 0,10%
Ungdomsråd		medlem 0,10%
Partsamansett utval/administrasjonsutval		medlem 0,10%
Forhandlingsutval		medlem 0,10%

Kommunalt oppnemnde folkevalde i styre og utval, organ etter særlov		medlem 0,10%
Arbeidsutval, oppgåveutval, klagenemnd, styringsgruppe for bypakke	leiar 0,15%	medlem 0,10%

Innkalte varamedlemmer til kommunestyret mottar 50 % møtegodtgjering dersom dei deltek under ein time. Det same gjeld varamedlemmer som møter i ei sak på grunn av inhabilitet. Varamedlemmer som møter i meir enn ei sak på grunn av inhabilitet i same møte, mottar ordinær møtegodtgjersle.

§ 7. Kommunale føretak:

Leiar og medlemmer i styra for dei kommunale føretaka mottek godtgjersle med ein fast sum per år i prosent av 8,5 G. Varamedlemmer får godtgjersle med fast kronebeløp per møte.

Satsar i prosent av 8,5 G:

Møre og Romsdal 110-sentral KF	leiar 6,5%	
Ålesund brannvesen KF	leiar 6,5%	medlem 1,5%
	varamedlemmer	Kr 1000 pr møte
Ålesund kommunale eigedom KF	leiar 13%	medlem 3%
	varamedlemmer	Kr 1800 pr møte

Tilsette og frikjøpte får godtgjersle på lik line med øvrige styremedlemmer.

§ 8. Frikjøp

Folkevalde med særleg arbeidskrevjande verv kan velje ei frikjøpsordning som skal dekke både ordinær godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for alle møte og oppdrag knytt til dei verva som går inn under frikjøpsordninga.

Taket på frikjøp er 80 % av ordførar si godtgjersle.

Folkevald som ønskjer å nytte ordninga med frikjøp skal sende skriftleg søknad med dokumentasjon frå arbeidsgjevar om reduksjon av ordinær stilling til politisk sekretariat.

Folkevald med innvilga frikjøp er sjølv ansvarleg for å melde frå om endringar som kan ha innverknad på retten til frikjøp.

Satsar i % av 8,5 G:

Faste medlemmer formannskap	30%
Leiar hovudutval	20%
Leiar planutval	30%
Leiar kontrollutval	20%

For den som vel frikjøp fell møtegodtgjeringa bort, samstundes som satsen for fast godtgjersle vert dobla. For den som vel frikjøp vert også godtgjersle for kommunestyre, hovudutval og planutval omrekna til fast beløp i % av 8,5 G:

Kommunestyre	3%
Hovedutval, planutval	2%

§ 9. Erstatning for tapt arbeidsforteneste

Folkevalde har krav på erstatning for tap av inntekt som følge av vervet. Dokumentert tap av arbeidsinntekt eller utgifter til stedfortredar erstattast med inntil (100 % av ei dagsløn for ordførar (7,5 t)) og omrekna til timesats ved kortare fråvær. Den folkevalde kan i staden for å bli trekt i løn, gjere avtale med sin arbeidsgivar om å få utbetalt ordinær løn derifrå mot at arbeidsgivar får refusjon frå kommunen.

Sjølvtendig næringsdrivande får dekkja tap pr. dag ut frå dokumentert personinntekt frå næringsverksemd dividert med 230 dagar/pr. år. Det er sett eit tak tilsvarende 100 % av ei dagsløn for ordførar (7,5 t) og omrekna til timesats ved kortare fråvær.

Udokumentert, sannsynleggjort tap, vert godtgjort med 0,25 % av 1G per time. Max 7,5 t pr dag.

§ 10. Dekning av reiseutgifter og andre utgifter

Folkevalde får i samband med vervet skyss-, kost- og overnattingsgodtgjering i samsvar med Statens reiseregulativ for reiser ved minimum 3 kilometer avstand, anten mellom bustad og møtestad, eller mellom arbeidsplass og møtestad.

Når folkevalde i jobb- eller studiesituasjon oppheld seg utanfor kommunen og er innkalla til møte, vert reiseutgifter dekt med eigna transportmiddel på billegaste måte, og avgrensa oppover til kr 2 000 per møte.

Utgifter til barnepass for barn under 12 år, barn med særlege behov, eller andre omsorgsoppgåver dokumentert som faktiske utgifter, kan etter søknad dekkast med ein timesats på 0,15% av 1G. Dokumenterte utgifter utover dette kan etter førehandsgodkjenning av ordførar bli kompensert.

§ 11. Velferdsordningar

Folkevalde i verv tilsvarende 40 % av normalarbeidstid eller meir kan søkje ettergodtgjersle når dei fråtrer vervet, jf. [kommunelova § 8-6](#). Ettergodtgjersle kan bli gitt i maksimalt 3 månader.

Folkevalde som har vervet som hovudverksemd har same rett til sjukepengar og rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen, jf. [kommunelova § 8-8](#) og [§ 8-9](#).

Permisjon kan givast i samsvar med [arbeidsmiljølova § 12-1](#) til [§ 12-10](#), [§ 12-12](#) og [§ 12-15](#). Det blir vist til [kommunelova § 8-10](#).

§ 12. Pensjonsordning

Dei folkevalde i Ålesund kommune er meldt inn i KLP si pensjonsordning jf. [kommunelova § 8-7](#).

Folkevalde som mottar minst 1/3 av godtgjeringa til den høgast lønna heiltidspolitikeren i kommunen, skal meldes inn i pensjonsordninga.

Folkevalde som ikkje har krav på særskild pensjonsordning basert på si faste godtgjersle, kan søke om å få dekt utgiftene sine til å oppretthalde eiga pensjonsordning. Utgiftene må legitimerast og blir dekt med ein del tilsvarende omfanget av den folkevalde sitt faste verv.

§ 13. Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunngjort. Frå same tid vert [forskrift 6. november 2023 nr. 1773 om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode, Ålesund kommune, Møre og Romsdal](#) oppheva.

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 Ålesund

Vår referanse:
23/61, 25/144475

Arkivkode:
033

Dato:
18.12.2025

Melding om vedtak - Sak 140/25: Supplering av varamedlemmer til kontrollutvalet

Kommunestyret- 140/25, har i møte 11.12.2025 fatta følgende vedtak:

Vedtak:

Ålesund kommunestyre vel for ut inneverande periode

- Nytt første varamedlem i kontrollutvalet for samarbeidslista H, Frp, Å og Sp: Wenke Engvik Gjørtz
- Nytt tredje varamedlem i kontrollutvalet for samarbeidslista H, Frp, Å og Sp: Torgrim Finnes.

Med helsing
Ingrid Rekdal Hjelle
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Mottakarar

Sunnmøre
Kontrollutvalsekretariat Iks

Postboks 7881 Spjelkavik

6022

Ålesund

SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Vår referanse:
24/15061, 25/144469

Arkivkode:
033

Dato:
18.12.2025

Melding om vedtak - Sak 124/25: Rapport forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning og arbeidsmiljø - Sak frå kontrollutvalet

Kommunestyret- 124/25, har i møte 11.12.2025 fatta følgende vedtak:

Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til rapport frå forvaltningsrevisjon av personalressursforvaltning og arbeidsmiljø under omstillingsprosessar i helse og omsorg.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak for å
 - a. styrke den sentrale koordineringa av arbeidet med rekruttering og kompetanse
 - b. avgjere form på, og gjennomføre, arbeidsmiljøundersøkingar i tråd med arbeidsmiljølova
 - c. vurdere behovet for meir einsarta leiaravtaler som tydleggjer gjensidige krav og forventningar i leiarrolla på tvers av organisasjonen
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og vurdere tiltak for å
 - a. etablere eit system for medarbeidarsamtaler som sikrar at alle leiarane gjennomfører samtalan
 - b. evaluere rutiner for informasjon ved omstilling
 - c. utarbeide eit system for evaluering av omstillingsvedtak og integrere dette i internkontrollsystemet
4. Rapportere til kontrollutvalet med ein skriftleg plan for oppfølging av desse punkta, seinast ved utgangen av februar 2026.

Med helsing
Ingrid Rekdal Hjelle
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Postadresse:
Postboks 1521
6025 ÅLESUND
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Telefon:
Sentralbord: 70 16 20 00
Direkte:

Nettside:
alesund.kommune.no
Organisasjonsnummer:
929 911 709



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Tilsynsrapport

Individuelt tilrettelagd opplæring - saksbehandlingstid

Ålesund kommune

2025/6070



Innhald

1	Samandrag.....	3
2	Innleiing.....	3
3	Kort om kommunen og risikovurderinga	4
4	PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og ansvaret til kommunen for å gjere vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring	4
4.1	Rettslege krav	4
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
4.2.1	PPT si utarbeiding av sakkunnige vurderingar	5
4.2.2	Kommunen si utarbeiding av vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring	8
4.2.3	Om samla tidsbruk frå tilvising til PPT til vedtak er fatta.....	11
5	Våre reaksjonar	13
5.1	Pålegg om å rette forholda	13
5.2	Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta	13
6	De har rett til å klage	13
	Dokument.....	15

1 Samandrag

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet med kommunen.

Tema for tilsynet er individuelt tilrettelagd opplæring – saksbehandlingstid. Vi har sett nærare på:

- kor lang tid det tek frå ein elev vert tilvist til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) til sakkunnig vurdering ligg føre, og
- kor lang tid det tek frå sakkunnig vurdering ligg føre til kommunen/skolen har fatta vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

Vi har avdekt forhold som kan innebere brot på regelverket, og varslar med dette at de må rette opp i desse.

Tilsynet viser at hovuddelen av saksbehandlingstida ligg hos PPT, der gjennomsnittleg tid frå tilvising til sakkunnig vurdering er om lag sju månader, og fleire saker har tatt over eitt år. Når sakkunnig vurdering først ligg føre, fattar kommunen vedtak raskt, i snitt på ein måned, men den samla prosessen frå tilvising til vedtak tek i gjennomsnitt nesten åtte månader. Dette er ikkje i tråd med kravet om behandling «utan ugrunna opphald» og omsynet til det beste for eleven. Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen må iverksette tiltak for å redusere saksbehandlingstida.

2 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med kommunen som skoleeigar, jf. opplæringslova § 29-2 første ledd jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunen følger regelverket i opplæringslova.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Vi opna tilsynet 19. september. Vi har fått tilsendt dokumentasjon og tilsette i kommunen har svart på eigenvurdering om tilsynstemaet. Vi har tilstrekkeleg informasjon og opplysningar til å kunne konkludere i tilsynet.

Vi sendte ut førebels tilsynsrapport 12. november. I denne presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Frist for uttale frå kommunen var 28. november. Kommunen sendte oss ein uttale den 26. november. Kommunen takkar for rapporten og erkjenner for lang saksbehandlingstid i PPT-fasen. Dei opplyser at vedtak normalt vert fatta raskt når sakkunnig vurdering ligg føre. Kommunen viser òg til at nokre lange tidsløp skuldast planlagd oppstart ved overgang mellom trinn, av omsyn til eleven sitt beste, og at dei har planlagde tiltak for å redusere ventetida framover.

Vi har utifrå tilbakemeldinga ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i våre vurderingar og konklusjonar i den endelege rapporten.

Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument.

3 Kort om kommunen og risikovurderinga

Skoleåret 2024/2025 var det i Ålesund kommune 28 grunnskolar med til saman 6772 elevar. 22 av skolane er eigde av kommunen, medan 6 er private. Kommunalsjefen for oppvekst har ansvar både som representant for kommunen som skuleeigar og som vedtaksmynde for elevar i private skolar med vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. 9,8 % av elevane hadde vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring.

Kommunen har i GSI for skoleåret 2024/2025 rapportert om 11 årsverk i fagstillingar i PPT. I risikovurderinga har vi lagt vekt på forholdet mellom talet på årsverk i PPT og talet på elevar i kommunen. Samanlikna med gjennomsnittet for fylket og landet har Ålesund kommune fleire elevar per årsverk i PPT.

	Sum årsverk, fagstillingar i PPT i %	Tal på elevar	Forholdstal mellom tal på elevar og ressurs i PPT
Heile landet	184793	631369	3,42
Møre og Romsdal	9100	31374	3,45
Ålesund	1100	6772	6,16

I tillegg har Statsforvaltaren teke imot fleire bekymringar frå føresette om at arbeidet med sakkunnig vurdering i PPT tek for lang tid.

4 PPT sitt ansvar for å utarbeide sakkunnige vurderingar og ansvaret til kommunen for å gjere vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring

4.1 Rettslege krav

Opplæringslova set ingen uttrykkeleg tidsfrist for behandling av saker om individuelt tilrettelagd opplæring. Statsforvaltaren legg til grunn at saksbehandlingstida skal vere forsvarleg, og at den vert regulert av forvaltningslova § 11a første ledd, som lyder:

“Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold.”

Føresegna må supplerast med omsynet til kva som er best for eleven jf. opplæringslova § 10-1, som skal tolkast i lys av barnets beste i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1.

Kravet i forvaltningslova § 11a første ledd gjeld heile prosessen; frå skolen startar vurderinga av om eleven har behov for individuelt tilrettelagd opplæring, og fram til enkeltvedtaket er fatta. PPT er eit ledd i utgreiinga av saka. Den totale saksbehandlingstida omfattar tida frå tilvisinga vert sendt og fram til enkeltvedtaket er fatta.

At kommunen skal forberede og avgjere saker så snart som mogeleg og utan ugrunna opphald, inneber at:

- PPT skal utarbeide ei sakkunnig vurdering for eleven så snart som mogeleg etter at tilvisinga er mottatt, og
- Kommunen skal treffe eit vedtak så snart som mogeleg etter at PPT har utarbeidd sakkunnig vurdering.

I Utdanningsdirektoratet sin rettleiar “Veilederen Spesialundervisning” til førre opplæringslov, stod det følgjande om forsvarleg saksaksbehandlingstid frå tilvising til vedtak:

“en total saksbehandlingstid over tre måneder kan være for lang tid”.

For gjeldande opplæringslov gjeld Utdanningsdirektoratet sin rettleiar “[Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging](#)”. Rettleiaren gjev ikkje døme på nokon tidsfrist.

Ettersom forvaltningslova § 11a ikkje har endra seg mellom gammal og ny opplæringslov, legg Statsforvaltaren til grunn at dømet frå førre rettleiar framleis kan gjere seg gjeldande.

Retten eleven har knytt til barnets beste vert lovfesta i gjeldande lov, jf. opplæringslova § 10-1 om det beste for eleven. Barnekonvensjonen krev at saksbehandlinga ikkje tek for lang tid, då det kan vere skadeleg for barnet om den drar ut i tid, sjå artikkel om regelverk [Barnekonvensjonen i saksbehandlinga](#) frå Utdanningsdirektoratet.

Kva som er forsvarleg saksbehandlingstid vil kunne variere frå sak til sak. PPT må gjere ei konkret og individuell vurdering ut frå omsynet til ei forsvarleg saksbehandling, saka si problemstilling, omfang og kompleksitet.

Eleven sin rett til individuelt tilrettelagd opplæring skal ikkje bli trenert på grunn av lang saksbehandlingstid hos PPT. Kravet om at saka skal-bli behandla “uten ugrunnet opphold”, inneber mellom anna at PPT eller skoleeigar ikkje kan innføre ventelister for utgreiinga av behovet for individuelt tilrettelagd opplæring.

Økonomiske og kapasitetsmessige årsaker er ikkje gyldig grunn for at det tek lang tid til å utarbeide ei sakkunnig vurdering. Kommunen har ansvaret for at PPT har nok kapasitet og ressursar til å utarbeide sakkunnige vurderingar i tråd med regelverket.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Statsforvaltaren legg til grunn følgjande definisjonar for datoar i berekning av saksbehandlingstid: Dato for tilvising til PPT er den siste datoen på meldeskjemaet, dato for sakkunnig vurdering er den datoen vurderinga er datert, og dato for vedtak er den datoen vedtaket er datert.

4.2.1 PPT si utarbeiding av sakkunnige vurderingar

Observasjonar

Svar på eigenvurderinga

For å få innsikt i kommunen sitt arbeid med sakkunnige vurderingar, bad Statsforvaltaren representant for skoleeigar, leiar i PPT og rådgivarar i PPT om å svare på spørsmål om saksbehandlingstid. Vi bad berre om svar frå rådgivarar i PPT som har utarbeidd dei sakkunnige

vurderingane i tilsynet. Vi har motteke svar frå representanten for skoleeigar, 2 leiarar i PPT og 12 rådgivarar i PPT.

På spørsmålet om PPT utarbeider sakkunnige vurderingar utan “ugrunna opphald” etter tilvising om behov er motteke, svarar representant for skoleeigar ja, og viser til prinsipielle utgangspunkt for arbeidet til PPT. Tek det over ein månad å utarbeide sakkunnig vurdering, skal PPT sende brev til skolen/føresette kor dei skal grunngjeve lang saksbehandlingstid med at arbeidsmengda for tida er stor. På same spørsmål svarer leiarane i PPT nei, då PPT har fristbrot i fleire saker. Ventetida er lengst for nye sakkunnige vurderingar og fornyingar. Ved dysleksi og bekymringsfullt fråvær vert saka ofte starta raskt. Overgangssaker for elever i 1. og 8. trinn har ikkje fristbrot. Av rådgivarane i PPT, svarer 11 av 12 nei. Rådgivarane opplever at kapasiteten ikkje alltid står i forhold til talet på tilvisingar. Dei opplyser at det er ventelister eller ventetid for å få utgreiing, og at PPT har gjort organisatoriske endringar og styrka samarbeidet med skolane for å redusere ventetida.

På spørsmålet om kva som er gjennomsnittleg saksbehandlingstid hos PPT, svarer representant for skoleeigar at det i snitt går 210 dagar frå PPT mottek tilvising til sakkunnig vurdering ligg føre. På same spørsmål svarer ein leiar at saksbehandlingstida varierer mykje. Ein leiar svarer at det ikkje finst statistikk eller dokumentasjon som gir eit presist bilete, då programmet PPT brukar ikkje gir høve til å hente ut desse opplysningane enkelt. Svara frå rådgivarane i PPT viser store variasjonar i saksbehandlingstid for sakkunnige vurderingar. Ofte ligg saka fleire månader i ei venteliste før den vert starta opp. Ventetida frå tilvising til oppstart kan vere opp mot 5–6 månader. Ventetida vert påverka av høgt sakstrykk og mangel på personale. Behandlingstid frå oppstart til ferdig vurdering ligg normalt mellom 1 – 4 månader, avhengig av sakens kompleksitet og tilgjengeleg kapasitet.

På spørsmålet om kva som er årsaka til lang saksbehandlingstid, svarer alle dei spurde utfordringar knytt til kapasitet. Dei langt fleste svarar også kompleksitet i sakene. Nokon viser til møter og løysing av andre arbeidsoppgåver som ligg til PPT. Venting på naudsynt informasjon frå skole, BUP eller andre instansar vert også nemnt.

Elevdokumentasjon – tilvisingar og sakkunnig vurderingar

I tabellen under har vi kontrollert dokumentasjon for 30 elever totalt.

Tabell 1

Elev nr	Dato for tilvising til PPT	Dato for sakkunnig vurdering	Tid mellom tilvising og sakkunnig vurdering	
			Dagar	Månader
1	29.10.2024	24.08.2025	299	10,0
2	26.05.2025	03.07.2025	38	1,3
3	10.06.2024	20.08.2025	436	14,5
4	27.01.2025	20.08.2025	205	6,8
5	27.01.2025	09.09.2025	225	7,5
6	27.01.2025	16.09.2025	232	7,7

7	11.02.2025	03.09.2025	204	6,8
8	27.01.2025	17.09.2025	233	7,8
9	30.01.2025	07.07.2025	158	5,3
10	29.01.2025	21.07.2025	173	5,8
11	16.12.2024	07.07.2025	203	6,8
12	06.12.2024	18.07.2025	224	7,5
13	21.01.2025	25.08.2025	216	7,2
14	13.01.2025	20.08.2025	219	7,3
15	10.01.2025	20.08.2025	222	7,4
16	31.01.2025	04.06.2025	124	4,1
17	30.04.2025	04.06.2025	35	1,2
18	27.03.2025	19.09.2025	176	5,9
19	29.10.2024	20.08.2025	295	9,8
20	13.02.2025	22.08.2025	190	6,3
21	20.12.2024	17.09.2025	271	9,0
22	05.03.2025	10.09.2025	189	6,3
23	31.01.2025	04.09.2025	216	7,2
24	14.02.2025	25.08.2025	192	6,4
25	14.02.2025	26.08.2025	193	6,4
26	01.04.2025	01.07.2025	91	3,0
27	25.03.2025	30.08.2025	158	5,3
28	23.01.2025	24.08.2025	213	7,1
29	18.02.2025	25.08.2025	188	6,3
30	06.06.2024	20.08.2025	440	14,7
Gjennom- snittleg tid			209	7,0

Statsforvaltaren finn at saksbehandlingstida frå tidspunktet for tilvising til PPT vert signert til sakkunnig vurdering er utarbeida, varierer mellom 36 og 440 dagar. Dette gir ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 7,0 månader. 27 av dei 30 vurderingane har tatt meir enn tre månader for PPT å utarbeide. Det betyr at 27 av dei 30 sakkunnige vurderingane har ei saksbehandlingstid på mellom 4,1 og 14,7 månader.

I saka til elev nummer 9, 10 og 16 har saksbehandlingstida vore lang: 158, 173 og 124 dagar. Dette er overgangssaker mellom barneskole og ungdomsskole, kor skolen tilviser eleven til PPT i god tid før overgangen. Den sakkunnige vurderinga låg føre 7. juli for elev nummer 9, 21. juli for elev nummer 10, og 4. juni for elev nummer 16.

Våre vurderingar

Denne delen omhandlar prosessen frå tilvisinga til PPT vert signert, til sakkunnig vurdering vert ferdig utarbeida. Den totale saksbehandlingstida i saka omfattar tida frå tilvisinga vert sendt, til enkeltvedtaket er fatta. PPT er eit ledd i utgreiinga av saka.

I éi sak (elev nummer 16) ser vi at den lange saksbehandlingstida kan grunngjevast med at skolen tilviste eleven til PPT i god tid. Utgreiinga vert gjort relativt nære overgangen til ungdomsskolen. Sakkunnig vurdering låg føre 4. juni, 2 dagar etter at den vart drøfta med skoleleiinga. Dette ga

skolen tid til å fatte vedtaket i god tid før skolestart. Vi har derfor vurdert at PPT har behandla saka med grunna opphald, sjølv om saksbehandlingstida har vore lang.

Også i overgangssakene til elev nummer 9 og 10 har skolen tilvist eleven til PPT i god tid. I begge sakene vert utgreiinga gjort relativt nære overgangen til ungdomsskolen. For elev nummer 9 låg sakkunnig vurdering føre 7. juli, 45 dagar (1,5 månader) etter at den vart drøfta med skoleleiinga. I saka til elev nummer 10, tok dette 61 dagar (2 månader). Vi har derfor vurdert at PPT ikkje har behandla desse sakene med grunna opphald. Dette sjølv om skolen fekk tid til å fatte vedtak før skolestart.

Samla viser dokumentasjonen ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid hos PPT på 209 dagar, som svarar til 7,0 månader (sjå tabell 1). Dette samsvarar godt med svaret til representanten for skoleeigar. Dette samsvarar berre med svaret frå 2 av rådgivarane i PPT, som svarar at det truleg tek mellom 6-8 månader frå eleven vert tilvist til PPT til sakkunnig vurdering ligg føre.

Våre observasjonar viser at gjennomsnittleg saksbehandlingstid hos PPT er 4 månader meir enn kva Utdanningsdirektoratet tidlegare har angitt at total saksbehandlingstid for heile prosessen bør vere. Berre 3 av 30 saker som inngår i vårt vurderingsgrunnlag, vert behandla innafor ei tidsramme som gjer det mogeleg å tilfredsstille anbefalt saksbehandlingstid for heile prosessen. Dette samsvarar med svara frå leiarane og dei langt fleste rådgivarane i PPT, som erkjenner at saksbehandlingstida hos PPT er for lang.

Alle rådgivarane i PPT som svarer utfyllande i eigenvurderinga (8 av 12), svarer at sakene ofte ligg for lenge på vent før PPT startar opp utgreiinga av eleven. Fleire talar om ventelister i sitt svar. At PPT har ventelister strid imot kravet om at saka skal behandlast "uten ugrunnet opphald", då kravet mellom anna inneber at PPT ikkje kan innføre ventelister for å få utgreia behovet for individuelt tilrettelagd opplæring.

Rådgivarane i PPT svarar at saksbehandlingstida mellom anna avheng av kompleksitet i saka. Av dokumentasjonen ser derimot ikkje kompleksitet ut til å vere ein avgjerande faktor for tida, då nær alle sakene har ei for lang saksbehandlingstid.

Vi ser at fleire av rådgivarane i PPT skil mellom saksbehandlingstida frå tilvising til oppstart, og frå oppstart til ferdig vurdering. Vi understrekar at det er den samla tida kor saka er hos PPT som har betydning for om PPT oppfyller krava til forsvarleg saksbehandlingstid.

4.2.2 Kommunen si utarbeiding av vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring

Observasjonar

Svar på eigenvurderinga

For å få innsikt i kommunen sitt arbeid med vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring, bad Statsforvaltaren representant for skoleeigar og rektorane om å svare på spørsmål om vedtak blir utarbeidd utan "ugrunna opphald", saksbehandlingstid og om dei nokre gongar må returnere sakkunnige vurderingar til PPT. Vi har motteke svar frå representanten for skoleeigar og 13 rektorar.

På spørsmålet om kommunen/skolen utarbeidar vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring utan «ugrunna opphald», svarar kommunens representant at frå tidspunktet skolen har mottatt både sakkunnig vurdering og gyldig samtykke frå føresette, blir vedtaket utarbeidd "utan ugrunna

opphald". Alle rektorane svarer ja på dette spørsmålet, men tre av rektorane svarer at det er nokre unntak. Det kan ta lengre tid på grunn av kompleksitet i saka, enkelte nye sakkunnige vurderingar kan ta lenger tid enn tre veker og om det dryg med å få samtykke frå føresette vil det ta lenger tid. Ein av rektorane svarar at dei utarbeider midlertidig enkeltvedtak i påvente av ny sakkunnig vurdering.

Kommunens representant svarar at sidan vedtaket i stor grad er basert på føreliggande dokumentasjon, skal denne fasen gå raskt. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 31 dagar frå skolane mottek sakkunnig vurdering til det føreligg eit enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Svara til rektorane viser at det tek alt frå 1-2 dagar til litt over 4 veker. Fleire av rektorane svarar at samtykke frå føresette kan vere ein årsak til at det tek lenger tid.

På spørsmålet om årsaka til at kommunen/skolen i nokre tilfelle ikkje utarbeider vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring så snart som mogleg, svarer kommunens representant at det kan skuldast samtykkeprosessen, høg arbeidsbelastning og at ein må be om ytterlegare informasjon frå PPT. Fem rektorar svarer at årsaka kan vere kompleksitet i saka. Sju av rektorane svarer at årsaka kan vere utfordringar knytt til kapasitet. Ein av rektorane svarer at enkeltvedtak for førsteklassingar blir ekspedert i august, sjølv om sakkunnig vurdering kjem i juni. Tre av rektorane svarer at ein årsak kan og vere at det tek tid å få samtykke frå føresette.

Rektorane blir også spurt om dei nokre gonger må returnere den sakkunnige vurderinga til PPT, fordi den er for dårleg opplyst til at det kan fattast vedtak. Dei fleste rektorane svarer aldri på dette spørsmålet. Ein rektor skriv at vedkommande har opplevd det ein gong, mens ein annan har levert tilbake fleire. Ein rektor svarer at dei ofte må ha ein dialog rundt ulike problemstillingar dei ser i sakkunnig vurdering.

Elevdokumentasjon – sakkunnig vurderingar og vedtak

I tabellen under har vi kontrollert dokumentasjon for 30 elever totalt.

Tabell 2

Elev nr	Dato for sakkunnig vurdering	Dato for vedtak	Tid mellom sakkunnig vurdering og vedtak	
			Dagar	Månader
1	24.08.2025	29.09.2025	36	1,2
2	03.07.2025	19.08.2025	47	1,6
3	20.08.2025	26.09.2025	37	1,2
4	20.08.2025	20.08.2025	0	0,0
5	09.09.2025	10.09.2025	1	0,0
6	16.09.2025	17.09.2025	1	0,0
7	03.09.2025	15.09.2025	12	0,4
8	17.09.2025	23.09.2025	6	0,2
9	07.07.2025	15.08.2025	39	1,3
10	21.07.2025	07.08.2025	17	0,6
11	07.07.2025	06.08.2025	30	1,0

12	18.07.2025	18.09.2025	62	2,1
13	25.08.2025	01.10.2025	37	1,2
14	20.08.2025	17.09.2025	28	0,9
15	20.08.2025	17.09.2025	28	0,9
16	04.06.2025	12.08.2025	69	2,3
17	04.06.2025	11.08.2025	68	2,3
18	19.09.2025	01.10.2025	12	0,4
19	20.08.2025	21.08.2025	1	0,0
20	22.08.2025	01.10.2025	40	1,3
21	17.09.2025	01.10.2025	14	0,5
22	10.09.2025	30.09.2025	20	0,7
23	04.09.2025	22.09.2025	18	0,6
24	25.08.2025	26.09.2025	32	1,1
25	26.08.2025	26.09.2025	31	1,0
26	01.07.2025	25.08.2025	55	1,8
27	30.08.2025	30.09.2025	31	1,0
28	24.08.2025	30.09.2025	37	1,2
29	25.08.2025	30.09.2025	36	1,2
30	20.08.2025	22.09.2025	33	1,1
Gjennom-				
snittleg tid			29	1,0

Våre vurderingar

Denne delen omhandlar prosessen frå sakkunnig vurdering er ferdig utarbeida til vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring vert fatta. Saksbehandlingstida omfattar tida frå datoen den sakkunnige vurderinga er ferdig til dato for vedtak i saka.

Saksbehandlingstida frå skolane mottok sakkunnig vurdering til det føreligg eit enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring er på ein 1 måned (sjå tabell 2). Dette samsvarar med representanten frå kommunen sitt svar, som oppgir gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 31 dagar. Svara til rektorane i eigenvurderinga viser at det er ulikt på skolane, frå 1-2 dagar til litt over 4 veker. I 3 av sakene er det over 60 dagar saksbehandlingstid, noko som er med på å auke gjennomsnittleg saksbehandlingstid.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå sakkunnig vurdering er mottatt til vedtak er fatta er 29 dagar, noko som i mange tilfelle kan vere innanfor det som er forsvarleg. Samstundes viser dokumentasjonen at det er stor variasjon mellom skolar, og at enkelte saker har saksbehandlingstid på over 60 dagar.

Når PPT har ein gjennomsnittleg behandlingstid på 7 månader, vil ein ekstra måned hos kommunen for å fatte vedtak vere ein vesentleg forlenging av den totale prosessen. Dette kan føre til at eleven sin rett til individuelt tilrettelagd opplæring vert forsinka, noko som ikkje er i tråd med kravet om behandling utan ugrunna opphald og omsynet til barnets beste.

Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til kompleksitet i saka, utfordringar med å innhente samtykke eller kapasitetsproblem som årsak til lang saksbehandlingstid.

I saka til elev nummer 16 har saksbehandlingstida vore lang, 69 dagar. Dette er ei overgangssak mellom barneskole og ungdomsskole, kor skolen tilviser eleven til PPT i god tid før overgangen. Den sakkunnige vurderinga i saken låg føre 4. juni, men vedtaket kjem 12. august. Dette er før skolestart, men vi vurderer likevel at den lange saksbehandlingstida frå sakkunnig vurdering låg føre til vedtaket vart fatta, er med eit ugrunna opphald.

4.2.3 Om samla tidsbruk frå tilvising til PPT til vedtak er fatta

Tabell 3

Elev nr	Dato for tilvising til PPT	Dato for vedtak	Tid mellom tilvising og vedtak	
			Dagar	Månader
1	29.10.2024	29.09.2025	335	11,2
2	26.05.2025	19.08.2025	85	2,8
3	10.06.2024	26.09.2025	473	15,8
4	27.01.2025	20.08.2025	205	6,8
5	27.01.2025	10.09.2025	226	7,5
6	27.01.2025	17.09.2025	233	7,8
7	11.02.2025	15.09.2025	216	7,2
8	27.01.2025	23.09.2025	239	8,0
9	30.01.2025	15.08.2025	197	6,6
10	29.01.2025	07.08.2025	190	6,3
11	16.12.2024	06.08.2025	233	7,8
12	06.12.2024	18.09.2025	286	9,5
13	21.01.2025	01.10.2025	253	8,4
14	13.01.2025	17.09.2025	247	8,2
15	10.01.2025	17.09.2025	250	8,3
16	31.01.2025	12.08.2025	193	6,4
17	30.04.2025	11.08.2025	103	3,4
18	27.03.2025	01.10.2025	188	6,3
19	29.10.2024	21.08.2025	296	9,9
20	13.02.2025	01.10.2025	230	7,7
21	20.12.2024	01.10.2025	285	9,5
22	05.03.2025	30.09.2025	209	7,0
23	31.01.2025	22.09.2025	234	7,8
24	14.02.2025	26.09.2025	224	7,5
25	14.02.2025	26.09.2025	224	7,5
26	01.04.2025	25.08.2025	146	4,9
27	25.03.2025	30.09.2025	189	6,3
28	23.01.2025	30.09.2025	250	8,3
29	18.02.2025	30.09.2025	224	7,5

30	06.06.2024	22.09.2025	473	15,8
		Gjennom- snittleg tid	238	7,9

Våre vurderingar

Gjennomgangen av både eigenvurderinga og dei faktiske data frå 30 saker viser at kommunen har store utfordringar med å oppfylle kravet i forvaltningslova § 11 a og opplæringslova § 11-7 om at saksbehandling skal skje «utan ugrunna opphald». Dette kravet inneber at kommunen må sikre ein forsvarleg og effektiv saksgang, slik at elevar som har behov for individuelt tilrettelagd opplæring får dette innan rimeleg tid.

Eigenvurderinga frå kommunen peikar på at PPT har som mål å utarbeide sakkunnige vurderingar så raskt som mogleg. Gjennomsnittleg tid frå oppmelding til ferdig sakkunnig vurdering er oppgitt til om lag 210 dagar, og fleire rådgivarar omtalar ventetid på 6–8 månader før oppstart av sak. Når sakkunnig vurdering først ligg føre, går vedtaksfasen raskt – eigenvurderinga oppgir 2–4 veker frå mottatt vurdering til vedtak. Dette samsvarar med praksis i skulane, som rapporterer korte fristar for vedtak når dokumentasjonen er komplett.

Data frå dei 30 sakene under tilsynet stadfestar at hovuddelen av ventetida ligg i PPT-fasen. Gjennomsnittleg tid frå tilvising til vedtak er 238 dagar (nesten 8 månader), og medianen er 228 dagar. Det er særleg alvorleg at fem saker overstig 9 månader, og to saker har ein total saksbehandlingstid på over 15 månader. Statsforvaltaren vurderer at dette ikkje er til eleven sitt beste og at det ikkje skjer utan ugrunna opphald. Saksbehandlingstida er også klart i strid med [6.2.4 Saksbehandlingstid](#) i [Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging](#) frå Utdanningsdirektoratet. Når kommunen ligg godt over dette i eit fleirtal av sakene, kan ikkje saksbehandlinga reknast som «utan ugrunna opphald».

Eigenvurderinga gir fleire forklaringar på lang saksbehandlingstid, som kapasitetsutfordringar, kompleksitet i sakene, venting på dokumentasjon frå skule eller helsetenester, og treg samtykkeprosess. Desse forholda kan forklare variasjon, men dei kan ikkje rettferdiggjere fristbrot av den storleiken vi ser her. Kommunen har plikt til å organisere tenesta slik at lovkrava blir oppfylt, og må vurdere om dagens ressursar og rutinar er tilstrekkelege til å ta i vare elevane sine rettar. PPT sender foreløpig svarbrev ved ventetid, men dette fritar ikkje kommunen frå ansvaret for å redusere ventetida.

Samla sett viser både eigenvurderinga og dei faktiske tala at kommunen ikkje kan dokumentere at saksbehandlinga skjer utan ugrunna opphald.

Konklusjon

PPT si utarbeiding av sakkunnige vurderingar skjer ikkje «utan ugrunna opphald».

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 6–8 månader, og fleire saker overstig 12 månader, noko som er klart lengre enn det som i praksis har vore rekna som rimeleg tid. Isolert sett fattar kommunen raskt vedtak etter at sakkunnig vurdering ligg føre (oftast innan 2–4 veker), men den samla saksbehandlingstida frå tilvising til vedtak, i gjennomsnitt nesten 8 månader, kan ikkje reknast som «utan ugrunna opphald».

5 Våre reaksjonar

5.1 Pålegg om å rette forholda

Vi har avdekt at det kan vere brot på regelverket. Vi pålegg dykk å rette opp følgande forhold, jf. opplæringslova § 29-2, jf. kommunelova § 30-4:

1. Individuelt tilrettelagd opplæring – saksbehandlingstid

Kommunen må sørge for at dei gjer vedtak som oppfyller retten til individuelt tilrettelagd opplæring, jf. opplæringslova § 11-7 og forvaltningslova § 11 a. Dette inneber at:

- a. at PPT si utarbeiding av sakkunnige vurderingar skjer utan ugrunna opphald
- b. at kommunen si utarbeiding av vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring skjer utan ugrunna opphald.

5.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 27. mars 2025.

6 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klaga.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Molde 19. desember 2025

Einar Hernborg, tilsynsleiar

Sissel Eirheim Løkken, rådgivar

Marit Sandbukt Grytten, seniorrådgivar


Dokument

Følgande dokument vart nytta under gjennomføringa av tilsynet

- Rutiner fra skoler:
 - Ny prosedyre for tilrettelagd og spesialundervisning Hessa skole 2023
 - Årshjul SPES.PED. Hessa skole 2023-24
 - Prosedyre fra sakkyndig vurdering til vedtak – Larsgården skole
 - Rutine frå sakkyndig til vedtak 2025 – Valle skule
 - Rutiner Blindheim barneskole
 - Rutiner ved vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring – Emblem skule
 - Ørskog skule rutine Frå sakkyndig vurdering til enkeltvedtak
- Private skole – Ålesund kommune:
 - Prosedyre – private skoler og Ålesund kommune
 - Skjema for søknad om personlig assistanse
 - Brev – foresatte til elever i private skoler med rett til individuelt tilrettelagd opplæring
- Rutiner PPT-skoler:
 - Individuarbeid:
 - Oppstartsamtale elevens stemme
 - Oppstartsamtale foresatte
 - Datofestet fremdrift i sak
- Systemarbeid:
 - Flyt førmeldingsfase
 - Handlingsplan Blindheim b
 - Handlingsplan Blindheim u
 - Handlingsplan Emblem
 - Handlingsplan Møre Ålesund
 - Ellingsøy
 - Vik
- Dokumentasjon for 30 elevar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring; meldeskjema frå skolen til PPT, sakkunnig vurdering frå PPT og kommunen/skolen sitt enkeltvedtak. Desse dokumenta er unnateke offentlegheita grunna personlege forhold.
- Representant frå skoleeigar, leiarar i PPT, rådgivarar i PPT og rektorar som fattar vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring har svart på eigenvurdering om tilsynstemaet.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr



Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Mottakarar

SUNNMØRE	Postboks 7881 Spjelkavik	6022	ÅLESUND
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT			
IKS			